



NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	liflra@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no

Coop Manger Handelslag
Alf-John Holmefjord
PB 73 Nestun
5852 Bergen

Dykkar ref: Vår ref: Saksbehandlar: 22.10.2015
2015\17 Ole Johan Ingebrigtsen

Tilsynsrapport

Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling (NGIB) gjennomførte branntilsyn den 05.10.2015 i Coop Manger Handelslag .

Tilsynet vart utført i medhald av Lov av 14. juni 2002 nr 20 (brann- og eksplosjonsvernlova) § 13 andre ledd og Forskrift av 26. juni 2002 nr 847 (førebyggjandeforskrifta) § 6–2.

Sikkerheitsnivået i objektet er vurdert etter krav i førebyggjandeforskrifta og HMS-lovgivinga.

Til stade ved tilsynet:

Brannvernleiar: Erik Tufte
For brannvesenet: Ole Johan Ingebrigtsen

Innleiing

Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemd/brukar av objektet arbeider systematisk med brannsikkerheita. Frå brannvesenets side vart det lagt vekt på å foreta ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverke sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av utbroten brann. Vi gjer dykk merksam på at dette ikkje er fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil/manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann jf. FOBTOT § 2-1.

Tilsynet omfattar blant anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann
- at internkontroll ved verksemda er føremålstenleg på sikkerheitsområdet
- at vedlikehaldsrutinane vert utført

Omfang

Tilsynet vart innleia med gjennomgang av brannteknisk dokumentasjon og teikningar. Deretter vart det teke ein stikkprøvekontroll på objektet.



NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frøde Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no

Oppfølging etter siste gangs tilsyn

Førre branntilsyn vart utført: 20.01.2010.

Generelt

I bygget Coop Manger, er det fleire aktiviteter. Det er fortrinnsvis butikker, men inneheld og NAV kontor og kvile-opphaldsrom for taxisjåførar.

Definisjonar:

AVVIK:

Brot på krav fastsatt i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgivinga.

MERKNAD:

Forhold som tilsynsmyndigheitene meiner det er riktig å påpeike for å ivareta helse, miljø og sikkerheit, og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

KOMMENTARAR: Utfyllande opplysningar om avvik eller funn som beskriv dei faktiske forholda ved objektet.

Avvik

Følgjande avvik vart konstatert under tilsynet:

Avvik 1

Dokumentasjonen av bygget er ikkje tilfredsstillande

Avvik fra:

Førebyggjande forskrifta § 2-1 og § 3-1

Kommentarer:

Det manglar:.... Då det ikkje ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon av bygget lyt eigar snarast få dette på plass. Utan slik dokumentasjon kan ikkje brannvernet kontrollere bygget.

Dette gjeld ferdigattest etter ombygging, føresetnad for bruken av bygget og oppgradert brannvernteikning.

Avvik 2

System for eller utføring av kontroll, ettersyn og vedlikehald er ikkje tilfredsstillande.

Avvik fra:

Førebyggjande forskrifta § 3-1 og § 2-4, og HMS-forskrifta § 5 pkt 7

Kommentarer:

Det manglar eigenkontroll på: Sprinkleranlegg.

Merknader

Følgjande forhold vart påpeika under tilsynet:

Anmerkning 1

Sprinkleranlegget er ikkje plassert i eigen branncelle. NGIB meiner dette er eit teknisk rom som må vera eigen branncelle. TEK-10 § 11-8, første ledd.

Anmerkning 2

Det er anbefalt frå sprinklerkontrollør å knytta sprinkleranlegg til alarmanlegg. Eigar må dokumentera om dette er gjort, og hvis ikkje, kvifor.

Anmerkning 3

Det er anmerkingar i brannalarmrapport. Det er ikkje kommen tilbakemelding på desse anmerkningane. Eigar må dokumentera at desse er lukka.



NGIB
Førebyggjande avdeling Brannvern
Stølen 7
5911 ALVERSUND
Tlf: 56 37 50 00
FAKS: 56 37 51 09

Direkte	Telefon	e-post
Ole Johan Ingebrigtsen	56 37 56 90	liolin@lindas.kommune.no
Frode Langeland	56 37 56 91	lifrla@lindas.kommune.no
Gjert Holtan	56 37 56 88	hogj@lindas.kommune.no
Ann-Therese Strønen	56 37 56 94	Ann-Therese Stronen@lindas.kommune.no

Anmerkning 4

Det står ladere som ikkje er i bruk i stikkontakter. Ladare utgjer ein brannfare og bør ikkje stå i stikkontakt dersom dei ikkje nyttast til lading.

Andre forhold

Det organisatoriske brannførebyggjande arbeidet ved Coop Manger fungerer godt. Kvar leigetaker har fått utlevert eigen brannvernmappe og det gjennomføres øving og opplæring.

Oppsummering/avsluttande møte

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik og merknader gjennomgått.

Det var einigheit om at eigar/verksamd/bruker finn løysing for å retta opp avvik som er gitt i rapporten.

Attendemelding

Med tilvising til førebyggjandeforskrifta § 6–2 første ledd, ber brannvesenet om ein skriftleg attendemelding med framdriftsplan som syner korleis og når påpeika avvik vil verta retta.

Framdriftsplan skal sendast innan [dato] til:

**NGIB Førebyggjande avdeling
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ**

Neste tilsyn vert gjennomført i 2016.

Med førebyggjande helsing

**Nordhordland og Gulen interkommunale
brannførebyggjande avdeling**

NGIB

Brannsjef

i

Radøy kommune

Ole Johan Ingebrigtsen

Stein Ove Valdernesnes